

Sportsplan 2016

Øystese Fotball

***Eit godt tilbod til alle og eit tilbod
til deg som vil bli god***

***Fotball i Øystese
– moro og utviklande for alle i klubben!***

Innholdsliste

Innleiing.....	s.3
Målsetningar.....	s.4
Hovudtiltak for klubb utvikling og klubben sine verdiar.....	s.5-7
• Korleis vil me ha fotballkvardagen for spelarar, trenarar og lagleiarar i Øystese?	
• Frå plan til handling for trenarar og lagleiarar, kva gjer me i praksis?	
• Speletid, utvikling og resultatfokus	
• Talentutvikling	
• Vidareutvikling av jentefotballen	
• Fair Play	
• Systematisering av klubben	
Barnefotball.....	s.8-11
Ungdomsfotball.....	s.12-15
Junior og seniorfotball.....	s.16-18
Talent Øystese.....	s.19
Hospitering.....	s.19-20
Foreldrevettreglane.....	s.21
Cupar for lag i Øystese.....	s.22
Viktige arrangement i Øystese Fotball.....	s.22
Godtgjersler i Øystese Fotball.....	s.23

Innleiing

Sportsplanen blir revidert etter kvar sesong. Etter at sesongen 2015 vart avslutta i oktober/november starta utforminga av denne planen. Planen skal fungere som ein mal for alle som er involverte i klubben. Her skal ein kunne lese det ein treng å vite opp mot det sportslege og korleis klubben ynskjer å framstå. I perioden før jul vart alle som var involverte som trenar eller lagleiar i klubben invitert til forum med oppsummering av sesongen som har vore. Der kunne alle koma med innspel om vidareutvikling av klubben og planen. I tillegg vart det ved fleire høve lagt ut info i interngruppa til trenarar og lagleiarar på Facebook om at ein ønska innspel for den nye planen. På styremøter har styret kunna kome med sine innspel. Ved å inkludera alle i klubben trur me at det vil gje større eigarskap og bedre felles forståelse for planen. Dette vil gje større gjennomføringskraft når sesongen 2016 startar.

Planen er laga for klubben sitt beste der klubben er sjef. Me presentere korleis me ønsker å ha det i Øystese det komande fotballåret. Visjonen vår: «eit godt tilbod til alle og eit tilbod til deg som vil bli god» gjelder for alle involverte, ikkje kun spelarane. Me ønsker å legge til rette for at alle kan få utvikla seg og føle at ein er med på eit fellesskap ein kan voksa i. Dei første sidene i planen er mynta direkte på dette der ein kan lese om målsetningar, hovedtiltak for klubb utvikling og klubben sine verdiar. Vidare har me satt opp frå plan til handling for trenarar og lagleiarar med klare mål for kva me gjer i praksis.

Det har blitt gjort grep opp mot treningskvardag, organisering, og me har større trenarteam enn tidlegare.

Klubben set utruleg stor pris på alle som er med på dugnad og som gjer ein stor innsats for at fotballen i bygda skal gå framover.

Klubben vil i 2016 ha auka fokus på klubben sine verdiar og Fair Play. Dette gjennom informasjon under trenar og lagleiarforum, informasjonsflyt til spelarar og føresatte og eventuelt andre tilstelningar.

Me ynskjer at fotball i Øystese skal vera moro og utviklande for alle i klubben!

Målsetningar

- Rekruttera så mange born som mogleg til fotball.
- Behalda så mange som mogleg i klubben så lenge som mogleg.
- Legga til rette for talentutvikling.
- Skapa trivsel og fellesskap i heile klubben.
- Skapa ein sterk klubbfølelse hos alle spelarar, trenarar og leiarar.
- Skapa eit A-lag med overtal av lokale spelarar.
- Utvikla spelarar som kan ta steget til Øystese sitt A-lag og Junior Damelag.
- Fokus på trenarar og leggje til rette for utvikling av lokale trenarar i klubben.
- Vidareutvikla korleis ein legg til rette for trening og aktivitet i alle aldersgrupper i fotballen.
- Starta arbeidet mot å bli NFF Kvalitetsklubb i 2016. På sikt oppfylle alle krava og bli sertifisert som Kvalitetsklubb.
- Auka bevisgjering rundt kva klubben står for sportsleg og verdimeisig.
- Som spelar, trenar, lagleiar eller anna i klubben har du full rett til å varsle styret/Sportssjef dersom du ser eller høyrer om brot på klubben sine verdiar og/eller Sportsplan. Klubben har som målsetning om at i Øystese snakker me alltid med kvarandre istadenfor om kvarandre.

Hovudtiltak for klubb utvikling og info om klubben sine verdier

Korleis vil me ha fotballkvardagen for spelarar, trenarar og lagleiarar i Øystese?

- Ha ein raud tråd i alt arbeidet frå første klasse til senior med fokus på spelrelaterte treningar.
- Jobba aktivt for å fremma gode haldningar hjå alle spelarar, trenarar, foreldre og leiarar i klubben. Det skal vera kjekt å få besøk av Øystese og det skal vere kjekt å kome til Øystese på besøk.
- Lag som trenar på tvers av aldersgrupper og trenarane jobbar i stor grad i team.
- Trenarane får friheit til å legge opp treningar og nytte øvelsar, dei kan søke sportslege råd hjå Sportssjef.
- Publikum som ser kampar skal støtte laget og viser hensyn til trenarar, leiarar og spelarar.
- Alle spelarar, trenarar og leiarar har ansvar for at bana og området rundt bana ser ryddig og fint ut. Etter treningar ryddar ein utstyr og anna før ein forlet bana.
- Fotball og Idrettsfritidsordning som gjev glede gjennom fysisk aktivitet.
- Auka kompetansen til trenarar, arrangera trenar/lagleiarforum og sosiale tilstelningar for trenarar og spelarar.

Frå plan til handling for trenarar og lagleiarar, kva gjer me i praksis?

- Alle som er trenar eller lagleiar i klubben og som har Facebook er blitt invitert til å vere med i eiga interngruppe. Her kjem all info frå den sportslege leiinga.
- Dei som ikkje har Facebook får tilsendt e-post med informasjon.
- Informasjon om treningstider og info om kven som skal kontaktast ved eventuelle spørsmål er blitt hengt opp på ballboden og ved innbyttarbenkane på bana.
- Føl med på klubben si heimeside for nyheiter og anna informasjon:
<http://www.oystesefotball.no/>
- Sportssjef legg ut info om trenar og lagleiarforum i interngruppa på Facebook. I tillegg kontaktar han trenarar og lagleiar direkte i god tid før gjennomføring av ulike forum og andre tiltak.
- Det vil bli forum i forkant av sesongen med gjennomgang av Sportsplan og lagleiarmanual.

- Alle vil få utlevert Sportsplan og lagleiarmanual forum i forkant av sesongen. I tillegg vil det bli sendt ut på e-post og vere tilgjengelg i interngruppa på Facebook og på klubben si heimeside.
- Sportssjef, dagleg leiar og materialforvaltar er alltid tilgjengelege for innspel og spørsmål.
- Etter sesongen blir det kalla inn til nye trenar og lagleiarforum. Her snakkar me om sesongen som har vore og vidareutvikling av klubben og Sportsplanen. Alle som er ein del av klubbe er hjerteleg velkommen til å kome med innspel som hjelper klubben si utvikling vidare.

Speletid, utvikling og resultatfokus

- Fokuset fram t.o.m. siste år på gut/jentelag vil liggje på utvikling av spelarar og speletid for alle i kamp. Det skal ikkje ligge på sluttresultat i kampar. Resultatfokus trer i større kraft i gang f.o.m. junior. Trenarar f.o.m. juniorlag kan sjølv leggje retningslinjer for utviklingsfokus opp mot resultatfokus. Styret/Sportssjef kan ved behov regulere utvikling- og resultatfokus.
- I ungdoms fotballen skal alle som er med på både heime eller bortekamp i seriespel spele minimum 15 minutt.
- Lik speletid for alle i kamp i barnefotballen både på heime og bortebane.
- Når eit lag reiser på cup skal alle spelarane få tilbud om å vere med, ingen skal oppleve å ikkje få tilbudet. Alle spelarar som er med på cup skal få speletid. Trenarane tek vurderingar angående speletid ut frå kva som er nedfelt i denne planen og skal ha den som grunnfundament for beslutningar rundt speletid på cupar.

Talentutvikling

- Talent Øystese og hospitering for å kunne utvikla og gi ekstra tilbod til dei mest ivrige spelarane.
- Kontakt opp mot større klubbar for treningsdagar og prøvespel.
- Toppfotball i samarbeid med vidaregåande skule i Øystese.

Vidareutvikling av jentefotballen

- I 2016 vil klubben satsa endå meir på jentefotballen. Det vil bli hospitering satt i same system som i gutefotballen og me vil innføra Jentefotballens Dag.

Fair Play

- Spelarar, trenarar og leiarar skal til einkvar tid forholde seg til regelverket opp mot bruk av spelarar. Overlagt bruk av spelarar som ikkje er speleberettiga skal ikkje førekomma. Dersom det skjer vil styret gje reaksjonar som er til det beste for klubben.
- Øystese Fotball tek sterk avstand frå doping og følgjer Fotballforbundet sine retningslinjer for Fair Play. For å lese meir om Fair Play:
<http://www.fotball.no/Kretser/Hordaland/Fair-Play/>
- I forkant av sesongen 2016 vil alle trenarar og lagleiarar få ein oversikt over klubben sine standpunkt i forhold til etikk, moral og fair play. Informasjonen vil bli gitt på e-post og snakka om på trenar og lagleiarforum. Lagleiarane og trenarane formidlar dette vidare til spelarar og føresatte på dei respektive laga.

Systematisering av klubben

- I 2016 vil det bli laga nye lagleiarmanualar, oversikt over kven som er ansvarlege for kva (dagleg leiar, Sportssjef og materialforvaltar), ny trenar -og lagleiaroversikt og revidert Sportssplan. Alle som er involverte i klubben vil ha tilgang til denne informasjonen.
- Dersom det førekjem ueinigheiter mellom eller innad i lag mellom trenarar, spelarar eller lagleiarar skal Sportssjef kontaktast. Han kan då fatte beslutningar som er til det beste for lag eller spelarar som er involvert. Sportssjef melder frå til styret om situasjonen.
- Felles retningslinjer for Øystese Fotball som alle forstår, aksepterar og nyttar. Sportssjef, dagleg leiar og fotballstyret skal regulera og veileda ved ueinighetar/misforståelsar, og fattar beslutningar på bakgrunn av kva ein meiner er til det beste for klubben.
- Klubben vil i 2016 starta arbeidet med å bli Kvalitetsklubb.
- Klubben er sjef og alle involverte skal handle i beste meining i forhold til klubben sin visjon og klubben sine verdiar.

Me står saman om å utvikla klubben!

Barnefotball (6-12 år)

Barnefotball er all organisert fotball for gutar og jenter til og med det året dei fyller 12 år.

Rekruttering

Øystese Fotball skal jobbe aktivt med å rekruttera so mange gutar og jenter i nærmiljøet som mogleg.

Vårt nedslagsfelt

Øystese og Fykse, eventuelt andre barn som ynskjer å vera med i Øystese Fotball er sjølvstakt velkomne.

Oppstartsdag for 1. klassingar

- Fotball-leik/trening ute på banen og foreldremøte inne på IFO (det informerast samstundes om Idrettsfritidsordning).
- Holdast før sommaren 2016 av dagleg leiar, instruktørar på fritidsordningen og spelarar frå A-laget.
- Marknadsførast via Øystese Barneskule og på heimesida.
- Veldig ivrige 5 åringar kan eventuelt inkluderast etter samråd med trenarane.

Kjennetegn for målgruppa med individuelle forskjellar

- Stor aktivitetstrang
- Sjølvstentert
- Tek verbal instruksjon dårleg
- Kort konsentrasjonstid
- Forbilder står sentralt
- Stort ønske om informasjon/kunnskap
- Følsom for kritikk
- Oppsøker trenaren for bekreftelse
- Kan etterkvart forholde seg til med og motspelarar og ta logiske beslutningar.
- Er opptatt av rettferdigheit og viser etterkvart interesse for reglar i spelet.

Tips til korleis ein kan gjennomføra treningar

- Stor aktivitet, unngå kø, del spelarane opp i grupper om muleg.
- Spelarane lærer gjennom aktiviteten, bruk mykje «flytande» veiledning.
- Ha ulike leikar på trening, mest muleg med ball.
- Ved å spele fotball lærer dei reglane undervegs. Stopp spelet ved spesifikke situasjonar og veiled kva som er brudd på regelverket, gi ros for fair play.
- Tilpass varigheiten på dei ulike øvelsane og snakk med spelarane kva dei syns er kjekt.
- Vis omsorg, då føler spelarane trygghet.
- Gi ros på valg og utførelse
- Etterkvart som spelarane blir eldre kan ein øka på med ulike øvelsar innan delferdigheiter.
- Set krav til deg sjølv som trenar, ser du alle spelarane?
- Bruk differensiering om muleg ved stor nivåforskjell på spelarane.
- For øvelsar og anna informasjon går du til treningsøkta.no:
<https://no-fotball.s2s.net/home/>

Mål for aldersgruppa 6-12 år

- Holda kullet samla og samtidig, differensiert trening.
- De ivrigaste spelarane deltar også på Fotball- og Idrettsfritidsordning.
- Alle skal få opplæring i fotballreglane.
- Motivere til fotball-leik utanom organiserte treningar.
- For at alle spelarar skal få tilstrekkelig med kamptilbod bør det delast inn i fleire lag når antalet tilseier dette. Ein puljevariant der ein rullerer på kamp kan og vurderast. Alle skal spele like mykje.
- Laget bør delta på minimum to cupar i nærleiken.
- Det er ønskeleg at trenarane har aktivitetslederkurs eller tilsvarande realkompetanse.
- Skape engasjement og vidareutvikle gode haldningar i foreldregruppa.
- Stort støtteapparat ved å inkludere foresatte.

Haldningar som skal lærast

- Spelarane skal møte tidsnok på trening og kamp med egna treningstøy, fotballsko og leggskinn.
- Toleranse for andre sine feil og egne feil. Kjefting tolererast ikkje.
- Respekt for medspelarar, trenarar, dommarar og motstandarar.
- Spelarane skal utvikla ein begynnande forståing for treningsgjennomføring.
- Dersom ein ikkje kan på trening gir ein beskjed til trenar. Her set trenaren for dei ulike laga føringar på korleis og når det trer i kraft.

Trenaren i barnefotballen

- Trenaren skal ikkje nytta rusmidlar i forbindelse med trening og kamp.
- Trenaren skal være ute i god tid og gjera klart til treninga. Sjekka at utstyret er i orden – ballar, vestar, hattar.
- Trenaren skal sjekke at borna benyttar leggskinn. Gjentatte oppmøte utan utstyr skal tas opp med foreldre
- Trenaren skal tilrettelegga for morsomme og varierte treningar. Husk at dette stimulerer til meir fotballeik utanom organiserte treningar.
- Trenaren skal gi mye ros, kritiser aldri. Jobb for å skape et godt miljø der det er lov å feile.
- Trenaren skal kommunisere på barnas nivå. Frå 10-års alder kan ein stille krav til disiplin i treningsgruppa.
- Trenaren skal ha en rolig og trygg, men klar fremtoning. Sinne og skriking fører liten vei.
- Utviklingsfokus, ikkje resultatfokus i kampsituasjon.
- Alle skal få like mye speletid, det er viktig at spelarane møter på trening i tillegg til kampar. Dersom ein spelar ikkje er på trening over tid kan trenar bruka skjønn opp mot speletid i kamp.
- Trenaren skal la spelarane rullere på posisjonar.
- Trenaren skal stille i treningsutstyr i trening og kamp.
- Trenaren bør møta opp på trenerforum.

- Klubb og sportslig leder kan bryte inn mot trenere som ikkje passer inn i klubbens profil angitt av denne planen.
- Det skal vises fleksibilitet overfor andre idrettar.

”Som ei peikesnor over ein heil sesong er det ønskeleg at dine gutar/jenter 1/3 av tida spela saman og mot dei som er kommen lengre enn seg sjølv, 1/3 av tida spela saman og mot dei ein er jevnbyrdige med og 1/3 av tida med og mot dei ein sjølv er bedre enn”, Norges Fotballforbund om utvikling for individet i barnefotballen.

Ungdomsfotball (13-16 år)

Kjennetegn for målgruppa med individuelle forskjellar

- Ulikt ambisjonsnivå på eigne og laget sine vegne.
- Er ofte med på grunn av det sosiale.
- Ønsker å halda seg i fysisk form.
- Eit mindretal satsar og vil bli så gode som muleg.
- Har stort sett god kunnskap om reglar i spelet.
- Kan ta logiske beslutningar og skjønar større delar av spelet.
- Set krav til medspelarar og trenarar om oppmøte og konsentrasjon.

Tips til korleis ein kan gjennomføra treningar

- Gje spelarane tilbakemeldingar, frys spelet, gi fortløpande tilbakemeldingar. Forklar til både enkeltspelarar og gruppa mellom øvelsar.
- Spelrelaterte øvelsar og deløvelsar.
- Bruk fotballspråk i trening og kampsamanheng.
- Forklar dei ulike rollane på bana til spelarane og kva ein ser etter i ein midtstoppar, midtbanespelar etc.
- Fotballtaktikk blir ein naturleg del av treningskvardagen.
- Ha fokus på teknikk, la spelarane få bruke sin kreativitet og fortsatt få leike med ballen.
- La spelarane prøve og feile. Me ynskjer spelarar som syner initiativ, som opptrer offensivt og uredd.
- Treningane og kampane skal vere utviklingsorientert for spelarane, både individuelt og relasjonelt.
- Vis omsorg, då føler spelarane trygghet.
- Gi ros på valg og utførelse.
- Set krav til deg sjølv som trenar, ser du alle spelarane?
- For øvelsar og anna informasjon går du til [treningsøkta.no](https://no-fotball.s2s.net/home/):
<https://no-fotball.s2s.net/home/>

Generelle mål

- Alle skal ha det kjekt og føle seg inkludert.
- Alle lags hovudtrenere skal fortrinnsvis hentes inn utanfor foreldregruppa.
- Alle trenarar skal delta på trenerforum.
- Alle trenarar skal bli nøye innført i denne sportsplanen, og plikter å følgje denne.
- Trenarar skal oppfordrast til å gjennomføre eksterne kurs.
- Klubben skal marknadsføre offisielt Øysteseutstyr, og støtteapparatet skal oppfordra til å bruke dette i kamp- og treningssituasjon.
- Spelarane skal oppfordrast til å drive uorganisert fotball på fritida.
- Klubben skal gi interesserte spelarar muligheten til å bli dommarar.
- Klubben skal forsøke å aktivt rekruttere eigne spelarar til trenarjobber og gi dei tilstrekkelig oppfølging.
- Klubben skal ha gode tilbod til alle ungdommar som spiller fotball mest av sosiale grunner.
- Klubben skal legge til rette så det er mulig å utvikle seg til å bli toppspelar i Øystese gjennom hospitering og Talent Øystese.
- Raskt etablere et stort og sterkt støtteapparat for heile kullet.
- Nivået og motivasjonen på kullet vil avgjøre kva divisjon det meldes på i. Påmelding blir gjort i samråd med trenarar og lagleiarar.

Haldningar

- Spelaren skal møte i god tid på trening og kamp med Øystesetøy, fotballsko, leggskinn.
- Spelaren skal meld forfall i god tid dersom man ikkje kan møte til trening eller kamp.
- Toleranse for andres- og egne feil. Ikkje kjefting.
- Respekt for medspelarar, trenere, dommarar og motstandarar.
- Spelarane skal ha ansvarsfølelse overfor utstyr – eget og lagets. Spelarane kan rullera på å ha ansvar for lagets utstyr.
- Spelarane skal i større grad ha medbestemmelsesrett for egen treningskvardag.
- Spelarar skal vere konsentrerte på trening og ha som/utvikle mål om å forbetre ferdighetane sine i løpet av trening.

- Dei spelarane som ynskjer det bør få rettleiing og utvikle forståelse for kva som kreves dersom man ynskjer spill på høgt nivå.

Trenaren i ungdomsfotballen

- Trenaren skal ikkje benytta rusmidlar i forbindelse med trening og kamp.
- Trenaren skal være ute i god tid og gjøre klart til treninga.
- Alle friske spelarar som er tatt med til kamp både på heime og bortebane, skal spele minimum 15 min.
- Alle lag i ungdomsfotballen i Øystese nyttar interngrupper på Facebook til kommunikasjon med spelarane. Trenarar og lagleiarar oppfordrast til å kommunisere med spelarane på deira platform.
- Alle spelarar skal få forsøke seg i ulike roller på banen.
- Trenaren skal følgje opp forfalls-, trenings- og oppmøtesdisiplin.
- Trenaren skal gje mye ros. Jobb for å skape et godt miljø der det er lov å feile.
- Treningsøkta skal ha klart definerte læringsmål, og coachingen skal fokuserast på dette. Trenaren skal oppmuntre til eigentrening på fritida.
- Trenaren skal gjennomføre ein personlig samtale med kvar spelar. Fokuset bør være på spelarens eigne synspunkt på trivsel og egen ferdighetsutvikling.
- Spelarens utvikling går framføre lagas interesser i samband med hospitering.
- Trenere skal stilla i treningsutstyr.
- Klubb og sportslig leder kan bryte inn mot trenere som ikkje passer inn i klubbens profil angitt av denne planen.
- Trenaren skal møte opp på trenerforum.
- Utviklingsfokus, ikkje resultatfokus i kampsituasjon.
- Det skal vises fleksibilitet overfor andre idrettar.

Slik skal det organiserast

- Spelarane skal kjøpe/få identisk Øystese treningstøy.
- Laga skal få tilbod om å reise på minst éin cup saman.
- Treningsmengde - Aktivitetsnivå: det skal oppfordrast til minimum 1 aktivitet frå sesongavslutning til nyttår. Det skal oppfordrast til minimum 2 aktiviteteter frå januar til mars og 3 aktivitetar i veka resten av året (ei kan vere eigentreningsprogram). Dette kan regulerast av trenarar i samråd med foreldre og spelarane.
- I spesialtilfeller kan ein vurdere å melde på 7`er lag.
- I forkant av sesongen kan det bli gjeve tilbod om treningsleir for dei eldste laga.
- Utvalgte spelarar på ungdomsskulen deltar på fotballtimene ved toppfotballinja ved Øystese gymnas

Junior og seniorfotball

A-lag, Øystese 2, Juniorlag

Mål

- Oppretthalde gode tilbod til alle spelarar – både for satsing- og for dei med lågare ambisjonsnivå.
- Utvikle spelarar til A-laget og eventuelt vidare til endå høgare nivå.
- Det er ikkje meldt på seniorlag for damer til seriespel i 2016, kun Junior Jenter. Dette grunna for få spelarar til at det let seg gjennomføra. Juniorlaget til jentene følger same retningslinjer som Juniorlaget til herrane sett bort frå koblingar frå junior til senior.
- Junior er første lag i aldersklassane i Øystese som kan ha kun resultatfokus i kampsamanheng. Det er opp til trenarane til einkvar tid å vekte utviklingsfokus opp mot resultatfokus.
- A-laget sitt trenarteam kan til einkvar tid vekte utviklingsfokus og resultatfokus. Styret/Sportssjef kan gå inn og regulere utviklingsfokus og resultatfokus på Junior Gutar/Jenter, Øystese 2 og A-lag.

Retningslinjer

- Det sportslege opplegget til Juniorlaget kan i stor grad vere knytt opp mot opplegget til A-laget. Sportssjef og trenarar på Junior fungerer som bindeledd mellom Øystese 2/Junior og A-laget. Sportssjef og trenarane kan bli samde om likheit i spelestil mellom Junior og A-lag for herrer.
- Sportssjef, trenarar og spelarane sjølve har ansvar for den totale belastninga til spelarar som også deltar på aktivitetar med fleire lag.
- I 2016 skal Øystese 2 trena saman med Junior. Dette vil heve antallet spelarar på trening og heve kvaliteten på øktene.
- Alle treningar for Øystese sitt A-lag blir i 2016 i Øystese. Me har som mål at unge spelarar i Øystese skal sjå opp til og følgje med på A-laget. Ved stor lokal forankring i treningskvardag vil laget få ein sterkare identitet.

Diverse A-lag

Øystese Fotball ynskjer å legge til rette for at spelarar kan utvikle seg til sitt øverste nivå. Me ønsker å ha eit A-lag på 3 divisjonsnivå, som både gir de unge spelarane nok å strekke seg etter i egen klubb, og det fungerer som et lokomotiv som drar med seg resten av klubben.

A-lags spelarar skal vera rollemodeller og gode forbilde for de aldersbestemte gjennom å vera instruktørar på fotballskuler og bidra som trenarar i klubben. I 2016 vil alle spelarar som er i A-troppen ha mulegheiten til å delta på Øystese 2/Junior treningar. Når dei deltek på treningane fungerer dei som motivatorar og rettleiarar i tillegg til å trene.

Vi ynskjer også å ivareta gode breddetilbud for vaksne i form av B-lag, old-boys- og veteranlag, utan å omtale aktiviteten i disse laga nærmare. Men nøye vurdering i styret må gjerast før desse laga meldes på i serie.

Mål

Langsiktig

Vera eit etablert 3.divisjonslag med en stall bestående av mange lokale spelarar som anten er oppvaksne eller har flytta til Hardanger. Me ynskjer at mange av spelarane skal ha spelt aldersbestemt fotball i Øystese.

Kortsiktig

A-laget skal spele i 3. divisjon og utviklinga av lokale spelarar skal fortsette gjennom godt arbeid i alle aldersklassar. Barn og unge skal få glede og motivasjon gjennom FFO, IFO og barne- og ungdomsfotball. Me ønsker at så mange som muleg spelar fotball i Øystese til dei når Junior og Senioralder. Det vil bli lagt til rette for individuell utvikling gjennom hospitering og Talent Øystese for dei som vil satse på fotball. Spelarane i klubben blir kontinuerleg vurdert opp mot desse tiltaka.

Omlegging av divisjonssystemet

I løpet av februar/mars vil det kome ny informasjon frå Fotballforbundet om omlegging av divisjonssystemet i Norge. Dette vil då få konsekvensar for Øystese sitt A-lag. Det vil medføre ei spissing av 3. divisjon i Norge med økte økonomiske krav og tøffare sportsleg motstand. Dersom dette blir vedtatt vil den sportslege leiinga føreta ei ny vurdering av målsetningane til A-laget i Øystese. Vurderinga blir gjort ut frå eit sportsleg og økonomisk perspektiv.

Talent Øystese

Talent Øystese vart starta opp i desember 2014. Talent Øystese er til for dei spelarane i klubben som har indre motivasjon til å satse på fotball og har gode ferdigheiter. I utgangspunktet er gruppa for spelarar fødde 1997 – 2003, men det er muleg å gjere unntak for alder ved uttak av spelarar.

Spelargruppa er flytande noko som betyr at det er kontinuerlege vurderingar opp mot kven som skal få tilbod om å bli ein del av gruppa.

Ein av kongstankane med Talent Øystese er at det skal vere mogleg å bli god i Øystese. Det skal bli lagt til rette for dei som vil satse slik at dei blir verande lengst mogleg i bygda. Ved å vise gode prestasjonar i Øystese vil ein kunne få reise på trenings-og impulsopphald i andre klubbar.

Med dette tiltaket aukar ein sjansane for at dei ivrigaste og mest talentfulle spelarane blir ein del av Øystese sitt A-lag og dermed får ein større lokal forankring og profil. I tillegg er det muleg å gå på Toppfotball ved Øystese Gymnas. Noko som gjer at totalpakken ved å bli verande i Øystese er meir gunstig framfor å reise vekk til andre stader for å ta utdanning og dermed spele fotball for andre klubbar.

Hospitering

Hospitering er til FOR spelaren og utvikling av enkeltindivid, hospitering er ikkje til for at lag skal ha resultatfokus og vinne fotballkampar. Dersom eit lag derimot ikkje kan stille til kamp grunna for få spelarar kan ein nytte hospitering for at laget skal få spelt kampen, dette dersom spelaren og foreldra (dersom spelaren er under 18 år) ynskjer det sjølv.

Med hospitering meiner vi ein spelars deltaking i andre lag – *i tillegg til eige*.

Korleis føregår hospitering i praksis?

- Sportssjef avklarar med foreldre og koordinerer mellom trenarane og set opp hospiteringsavtale. Hospiteringa kan fungere som eit reint treningstilbod, eller trening og kamp. Ved uttak til kamp er hospitant likestilt med andre spelarar.
- Hospitering skal vere ønska av spelaren sjølv og ikkje bli tvinga fram av andre. Dersom ein spelar syner gode evner skal trenaren til spelaren anbefale hospitering til

Sportssjef. Sportssjef følger også med på dei ulike laga i klubben og vil dermed danne seg eit bilde over kven som skal få tilbod om hospitering.

- I hospiteringsperioden er det heile tiden dialog mellom spelar, føresatte, trenarar og Sportssjef om totalbelastning. Her har trenaren på spelaren sitt primærlag ekstra ansvar. Fleire faktorar som, skule, venner og andre interesser spelar inn.
- For at hospitering skal forekomma, må spelaren vera så god at den ville forsvart en plass i troppen på trinnet over.
- Spelaren skal hospitere på så høgt nivå at den møter spelarar som er bedre enn seg sjølv og får noko å strekka seg etter. Spelalarar skal ikkje hospitere fast på meir enn eit lag, men kan i periodar få impulstreningar på fleire nivå for å framelske utvikling og mestringsfølelse.
- Hospitanten skal få tildelt fadder. Dette er egna spelarar som trenaren plukkar ut til å ha et ekstra ansvar for at hospitantar finner seg til rette i gruppa.
- Trenaren på hospiteringslaget har ansvar for å evaluere utbyttet av hospitering og gir sine vurderingar til Sportssjef.
- Ved spesielle tilfelle kan ein spelar i ungdomsfotballen flyttes permanent til eldre lag. Dette må godkjennast av sportssjef og styre.
- Sportssjef har siste ord ved eventuelle konflikter.

Foreldrevettreglane

Gjennom barn og ungdoms deltaking i fotball vil omtrent annenkvar husstand i Øystese ha eit forhold til fotball, enten som deltakar eller som tillitsvalte, foreldre og foresatte. Denne frivillige innsatsen utgjer sjølve grunnfundamentet som Øystese fotball bygger på. Stor deltaking frå ressursgruppa foresatte, foreldre og besteforeldre vil i framtida være heilt vesentlig for å kunne drive fotballaktiviteten.

Som foresatte og foreldre kan du bidra til å gjøre barnefotballen til ei god oppleving for borna. Her er nokon huskereglar:

1. Møt fram til kamp og trening - borna ynskjer det.
2. Gje oppmuntring til alle spelarane under kampen - ikkje berre di dotter/son/barneborn.
3. Oppmuntre i medgang og motgang - ikkje gje kritikk.
4. Respekter lagleders bruk av spelarar - ikkje forsøk å påverke han/henne under kampen.
5. Sjå på dommaren som ein veileder - ikkje kritiser hans/hennes avgjørelser.
6. Stimuler og oppmuntre ditt barn til å delta - ikkje press.
7. Spør om kampen var morsom og spennande - ikkje berre om resultatet.
8. Sørg for riktig og fornuftig utstyr - men ikkje overdriv.
9. Vis respekt for arbeidet klubben gjer - ta initiativ/delta på årlig foreldremøte for å avklare holdningar og ambisjonar.
10. Tenk på at det er ditt barn som spiller fotball - ikkje du.
11. Vis respekt for andre – ikkje røyk på sidelinja.
12. Husk at barna gjer som du gjer – ikkje som du seier.
13. Betal kontingent/treningsavgift i tide, delta på dugnadsarbeid og foreldremøter.
14. Foreldre som bryt med eit eller fleire av punkta ovanfor kan bli bedt om å flytta seg frå langside på Øystese Stadion til tribune. Dette i henhold til NFF sitt reglement.

Cupar for lag i Øystese

Laga som spelar 5-ar fotball deltar i lokale cupar etter ynskjer frå trenar og spelarar. Påmelding til cupar over ein time vekke skal avklarast med styret i forkant.

Lag frå 11 år til 14 år vert påmeldt Lerum Cup.

Påmelding til andre cupar skal avklarast med styret i forkant.

Gutar 15/16 og Jenter 15/16: Om det er interesse hos spelarar og føresatte skal laga veksla mellom Regycup og Norway cup annankvart år. Påmelding til andre cupar skal avklarast med styret i forkant.

Juniorlag: Påmelding til cupar skal avklarast med styret i forkant.

Senior menn: Målsetning å kvalifisere seg til 1 runde i cupen kvart år.

Merk: det kan forekoma endringar undervegs i sesongen.

Viktige arrangement i Øystese Fotball

Første heimekamp for A-lag herrar: Klubbens dag med aktivitetar på banen, leiker, grilling osv.

Tine Fotballskule

Johan Thorbjørnsen Fotballskule

Pøsefest der alle som har spelt barnefotball får utdelt medalje samt at det blir tatt lagbilder.

Øystese Cup siste helga i mai.

For første gang blir det i 2016 arrangert Jentefotballens dag i Øystese.

Merk: det kan forekoma endringar undervegs i sesongen.

Godtgjersler i Øystese fotball

Kjøring voksen: Dekning av kjøring til kamp mot køyrebok.

Ferje – dekkes av klubb via ferjekort.

Dommar – 5-ar fotball – dømmes av foreldre eller klubbdommarar. Dersom ein nyttar klubbdommarar og dei ønsker honorar skal dei ha 100 kroner pr. kamp.

- 7-ar fotball dømes av klubbdommere som blir honorert med 150 kroner pr. kamp.

Hovudtrenarar – får Øystese treningskle, skal ikkje betale treningsavgift for dei barna som dei er trener for.

Hovudtrenarar i ungdomsfotballen som ikkje er ansatt i Øystese Fotball, kompenseres med beløp bestemt av styret.

Sluttord

Alle involverte i klubben har kunna tatt del i utviklingen av denne planen og hatt mulegheiten til å koma med innspel for vidareutvikling av klubben. Dersom nokon i klubben med overlegg handlar mot planen og klubben sitt beste ser fotballgruppa på det som brot på fellesskapet sine verdiar og sportslege føringar. Styret vil då ta vurderingar opp mot person(ane) sitt vidare virke i klubben.

Klubben ønsker alle involverte eit fantastisk fotballår med mykje glede, spenning og aktivitet!

Øystese Fotball sin sportsplan blir revidert etter kvar sesong. Denne sportsplanen er revidert i perioden 01.11.2015 til 27.01.2016. I tillegg er det blitt gjort endringar i Sportsplanen 15.04.2016 under overskriften Godtgjersler i Øystese Fotball.